

Filmen «Kampen om fjordane» vert vist under føredragskroa torsdag.

31.07.2017



Det vert interessanne føredragskroer i Helgheim både torsdag og laurdag under Festidalen.

**Under føredragskroa torsdag 3.august kl.18 i Helgheim vert det først føredrag ved høgsterettadvokat Pål W. Lorentzen med tittel «Retten til inngrep i verneverdig natur for straumforsyninga si skuld?» før filmen «Kampen om fjordane»vert vist. Etterpå vert det paneldebatt.**

**For å få betre kjennskap til filmen, kan de lesa dette presseskrivet:**

Kampen om fjordane vinnar av Publikumsprisen på Eurodok 2016, skal visast i Uskedale, Regissør Vigdis Nielsen og hovedkarakter Synnøve Kvamme kjem til Uskedalen for å presentere filmen.

Arrestasjonen av bunadskledde Synnøve Kvamme blei symbolet på motstanden mot å bygge "Monstermaster" gjennom Hardanger. Synnøve (21) er villig til å gå i fengsel for å redde naturen i heimbygda. Dette er Davids kamp mot Goliat. Ikkje sidan protestane mot utbygging av Altaelva, har eit naturinngrep blitt møtt med så sterke reaksjonar. Det som starta som ein kamp for urørt natur utviklar seg til å bli ein kamp for sjølve demokratiet.

-Filmen griper direkte inn i Naturvernforbundets hjertesaker. Gå og se den! oppfordrar generalsekretær Maren Esmark i Naturvernforbundet.

Sjå den vakre, brutale og velregisserte Kampen om fjordane, Maktovergrepa i Hardanger er ein repetisjon som peikar framover, seier Guri Kulås som gir filmen terningkast 5 i Klassekampen.

Kampen om fjordane følgjer Synnøve og bygdefolket sin kamp mot myndigheiter og kraftutbyggjarar. Politiet fekk nyleg kraftig kritikk frå Sivilombudsmannen for å ikkje å ha følgd prosedyrar og operert utanfor lovpålagte fullmakter når dei skulle stoppa aksjonistane i Hardanger. Kampen om fjordane viser korleis politiet gjekk fram mot aksjonistar og grunneigarar og gav dei ferdselsforbod, nekta dei adgang til naturen sin og sette allemannsretten til side.

Musikken i filmen som er komponert av Nils Petter Molvær; vart i vinter nominert til den anerkjente bransjeprisen Kanonprisen.

-Jeg blir provosert når 'makta' tar seg til rette, og overkjører naturvern, lokalsamfunn og folk for kortsiktig profit, slik de nå også holder på med i Førdefjorden.

Kampen om fjordane har blitt vist på ei rekkje filmfestivalar i inn- og utland , og har fått både pris og heiderleg omtale.

-Dette er ein film om kjærleik til naturen og ein film om folk som satsar alt for å vise kva dei meiner. Kampen om fjordane er dessverre fortsatt svært aktuell. I Førdefjorden, Lysefjorden, Fosen, Lofoten, Finnmark og andre stader i Norge finns det fleire unike naturområde som er trua, avsluttar Vigdis Nielsen som sjølv kjem frå Ulvik i Hardanger.

Nett: Thor Inge Døssland